



Statens vegvesen

MELAND KOMMUNE

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
19/190892-4

Dykkar referanse:
18/2779 – 19/20862

Vår dato:
29.10.2019

Uttale til dispensasjonssøknad – mellombels søndagsskule – Meland kyrkje – gnr 17 bnr 4 – Meland kommune

Vi syner til brev datert 08.10.2019, om mellombels dispensasjon for oppføring av brakker til søndagsskule ved Meland kyrkje.

I vår tilbakemelding til nabovarselet den 18.07.2019, gjorde vi merksam på at det ikkje var opplyst om kor lenge den mellombelse løysinga skulle vere der, eller trafikale konsekvensar av tiltaket. Vi kan heller ikkje sjå at dette går frem av dei oversendte saksdokumenta frå kommunen.

Statens vegvesen viser vidare til nyleg prosess rundt reguleringsplan for Meland gravplass, der kommunen la stor vekt på dei trafikale utfordringane i området, spesielt ved arrangement i/ved kyrkja og høgtider. Vi stiller difor spørsmål ved om det er tilrådeleg å nytte parkeringsareal til brakkar. Vi ber kommunen leggje vekt på denne vurderinga i saka, ettersom det er nær knytt til trafikktryggleiken ved kyrkjestaden. Vidare er det etter vårt syn avgjerande at tiltaket har eit avgrensa tidsaspekt, og det bør difor føreliggje ei plan for framtidig løysing der brakka vert fjerna.

I vedlegg til saka går det fram at søndagsskulen som skal nytte brakka held til i kyrkja i dag. Slik vi ser det vil det difor ikkje vere trong for avkjørsleløyve til brakka. Dersom brakka skal nyttast til fleire føremål må det søkast om. Til orientering er ikkje avkjørslevurderinga knytt til tal på arbeidsplassar, men til trafikkmengda tiltaket genererer.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.